

**Ansvarleg sakshandsamar sign. for utført handling:**  
**Saka er godkjend av fylkesrådmannen:**

**Dokumentoversyn:**

Tal prenta vedlegg: \*

Tal uprenta vedlegg: \*

**Kartlegging marine og maritime næringar**

**Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å gjere slikt vedtak:**

Vestlandsrådet løyver kr 70.000 til oppdatering av database for marin og maritim verdiskaping slik at informasjonen her er i tråd med dei siste registrerte talmateriale (2009-tal).

Prenta vedlegg:

Uprenta vedlegg:

## **Saksframstilling**

### **Oppsummering**

I tråd med handsaming i Vestlandsrådet, sak 01/10, har vi fått utarbeidd ei samla oversikt over dei marine og maritime næringane på Vestlandet. Rapporten er basert på dei tal som konsulentverksemda ”Ideas2evidence” har basert seg på då dei arbeidde med rapporten. Dette er tala som skriv seg frå 2008.

Den politiske ad-hocgruppa som har hatt ansvaret for kartlegginga, meiner tala bør oppdaterast til 2009 tal ettersom dette er talmateriale som vil bli tilgjengeleg i desse dagar. Det betyr ein meirkostnad på ca kr 70.000. Fylkesrådmannen rår derfor til at Vestlandsrådet løyver desse midlane slik at talmaterialet er mest mogeleg oppdaterte.

### **Bakgrunn og resultat**

Det er i tråd med Vestlandsrådet sitt engasjement for EUs maritime strategi gjennomført ei kartlegging av marine og maritime næringar på Vestlandet, jamfør sak 01/10. Kartlegginga er gjennomført av konsulentverksemda ”Ideas2Evidence”. ”Ideas2Evidence” vant tilbodet om kartlegginga i konkurransen med to andre inviterte verksemder.

Det er særskilt interessante tal som vert presentert i rapporten. Vestlandsrådet vil få ein presentasjon av arbeidet i samband med møte i Molde 21 og 22 oktober. Presentasjonen vil bli lagt fram 21 oktober i samband med eit mini-seminar der vi òg vil få lagt fram status for Forvaltningsplanen for Nordsjøen.

Arbeidet med kartlegginga har som mål å etablere nøkkeltal som er anerkjente og som kan nyttast både til samanlikning med andre studium og til oppdatering frå år til år. I bestillinga har vi derfor også inkludert etablering av ein database som Vestlandsrådet har eigedoms- og råderett over.

Nøkkelta har blitt samla inn med omsyn til følgjande kategoriar:

- tilsette,
- omsetnad,
- resultat,
- verdiskaping (driftsresultat + lønnskostnader)
- eksport,
- antall nyetablerte verksemder dei siste fem år

Talmateriale er basert 2008 tal. Det ligg straks føre nye tal for 2009 og rapporten og databasen bør derfor oppdaterast med dei siste tala.

Det er òg eit spørsmål om ikkje denne databasen, som kan splittast opp heilt ned på kommunenivå og som følgjeleg vil ha stor verdi òg for kommunar og større funksjonsregionar, bør oppdaterast årleg eller annakvart år. Fylkesrådmannen vil rá til at dette vert gjort årleg, men at rådet inviterer inn regionale aktørar i eit partnarskap omkring årleg oppdatering av verdiskaping på Vestlandet.

---

Vestlandsrådet

Saksbehandlar: Trond Ueland

Arkivsaksnr.: 10/26

---